

Organisasjonsnummer: 948350823
Foretaksnavn: Austrheim kommune
Navn: Asbjørn Toft
Kontonummer: 15941180407
Adresse: Sætremarka 2
Postnr.: 5943 Austrheim
Telefon: 56162141
Mobiltelefon: 41651463
E-post: asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Mottaker: Miljødirektoratet
Kopimottaker: Fylkesmannen i Hordaland

SØKNAD

REFERANSENR.: 18S92EFE

El-varebilar på tenestebilar med ladestasjoner til

Type tiltak: Klimavennlig transport - gjennomføring av tiltak

Beskriv tiltaket, med vekt på hvem, hva, hvor og hvordan:

Austrheim kommune ynskjer å skifte ut bilparken sin med nullutslepp tenestebilar. For å få dette gjennomført treng me økonomisk støtte til desse tiltaka:

1. Austrheim kommune ynskjer å skifta ut tre varebilar dieselbilar til tre elektriske varebilar.
2. Austrheim kommune ynskjer og å få på plass fire semihurtigladepunkt ved kommunale bygg til elektriske varebilar/tenestebilane våre. Kommunen har ein elektrisk varebil frå før som treng ein mer effektiv ladestasjon der bilen skal vera når den ikkje er i drift. Dei fire semihurtigladepunkta skal vera av type "MODE 3 - TYPE 2"

Dei kommunale varebilane våre vert brukt til alle moglege driftsoppgåver heile året. Kommunen driftar sjølv kommunale bygg, omsorgstenester, vegar, vatn, avløp og skular og barnehagar.

Hvordan vil tiltaket gi reduksjon i klimagassutslippene?

Dei tre varebilane med dieseldrift som bør skiftast ut køyrer kvar om lag 25.000 km i året. Totalt om lag 75.000 km pr år. Det er om lag 7 tonn CO₂ pr. bil, om lag 21 tonn CO₂ pr år. Til saman 21 tonn CO₂ pr år vil verta spart med å få på plass tre elektriske varebilar i kommunal drift. Dei køyrer ofte med tungt utstyr og har med seg diverse reiskaper/verktøy.

Hvilke virkninger, i tillegg til reduksjon i klimagassutslipp, vil tiltaket ha?

Tilsette får positive erfaringar med bruk av elektriske køyretøy. Det vert mindre støy for tilsette. Det vert ikkje eksos som forureinar, det er positivt for dei som køyrer og dei som oppheld seg omkring bilen når den går. Tilsette på truleg lyst på å skifta sine private fossil bilar raskare ut med el-bilar når dei får sett at både økonomien og rekkevidden er betre enn kva dei trur. Omdømemessig vil kommunen tena på dette.

Det at kommunen investerer i tre nye el-varebilar vil kunne inspirera firma og privatpersonar til å kjøpa elektriske varebilar også i regionen vår. Truleg føra til ein betre driftsøkonomi for Austrheim kommune på sikt!

Det er et mål at tiltakene som får støtte skal ha spredningspotensial og overføringsverdi til andre fagområder eller kommuner, og være nyskapende ved å prøve ut nye løsninger. Hvordan kan tiltaket bidra til noe av dette?

Folk vert inspirert til å få på plass klimavenlege tiltak når dei ser at Austrheim kommune gjer det. Det er få elektriske varebilar i regionen i dag. Dette vil kunne få andre kommunar i regionen til å få klimavenlege køyrety. Me vår satsing vil fleire innbyggjarar/veksemder vurderer å få på plass tenestebilar som går på elektrisk drift. Folk ser at rekkevidden på slike el-varebilar er så god at kommune sine tenestebilar som køyrer langt og i mange timar før lading kan bruka desse, så kan dei sjølve også vurderer slike bilar. Det vil føra til framsnacking av el-varebilar og elbilar generelt.

Det å få på plass fire semihurtigladepunkt av type "MODE 3 - TYPE 2" der el-varebilane vert parkert ved kommunale bygg og kan ladast relativt fort i og etter arbeidstid gjer at tilsette/innbyggjarar ser at kommunen tek praktiske klimatiltak på alvor. Det viser og at kommunen tenkjer langsiktig og praktisk i forhold til dei tilsette som er brukarane av bilane i arbeidsdagen sin.

Tiltaket vil medføre endringer i aktivitet eller utslipp. I den grad det er mulig å tallfeste effekten av tiltaket bør det foretas registreringer eller tellinger før og etter tiltaket er gjennomført. Hvilke registreringer eller tellinger kan gjennomføres for å fange opp effekten av tiltaket?

Det vert om lag 21 tonn mindre CO₂ utslepp frå tre nye el-varebilar. For å få dette oversiktleg vil me sjå på tal kilometer køyrd pr år pr bil. Då vert det enkelt å rekna ut effekten. Me veit at effekten vert stor. Utan økonomisk tilskot vil utskiftinga av dieslbilar til elbilar ta mykje lenger tid.

Hvordan er søknaden politisk forankret?

Søknaden er politisk forankra i kommunedelplanen for klima- og energi i Austrheim kommune. Den er og forankra i kommuneplanen til Austrheim kommune. Her står det at kommune skal arbeida for at kommunale tenestebilar skal vera el-bilar eller klimavenlege.

Gjennomføring

Hvem skal eie og vedlikeholde tiltaket når tiltaket er gjennomført?

Austrheim kommune skal eiga og drifta el-varebilane sjølve.

Austrheim kommune skal eige og drifta dei fire semihurtigladepunkta for tenestebilane sin sjølve. Dette skal vera fire semihurtigladepunkt på tre ulike stadar ved kommunale bygg. Dei vert plassert inntil bygningsveggar eller i nærleiken av trafoar for å spara kostnadar med etablering av desse.

Hva er forventede driftsoppgaver og årlige driftsutgifter?

Driftsutgifter for e-varebil er om lag 3 kr/kilometer samanlikna med driftsutgifter for vanleg diesebil som er 5 kr/kilometer. Vanleg vedlikehald tek kommune sjølve, men større reparasjonar/sørvis vert teke av merkeverkstad i regionen.

Ladepunkta for semihurtiglading vert drifta og vedlikehalde av Austrheim kommune sine tilsette fagfolk.

Årlege driftsutgifter med tre el-varebilar vert om lag 250.000 kr.

Når planlegges arbeidet startet og avsluttet?

Austrheim kommune planlegg innkjøp av el-varebilar innan sommaren 2018. Dette er avhengig av anbudsarbeidet og kortid me får svar på søknaden vår til Miljødirektoratet.

Anbødet må ut på Doffin-basen før kjøp vert bestemt. Austrheim kommune forventar at me har bestemt bilkjøpet i mars 2018. Innkjøp og opplæring av tilsette vert teke fortløpande. Austrheim kommune vil få på plass dei fire semihurtigladedepunkta i løpet av våren 2018.

Heile prosjektet med etablering av ladepunkt og kjøp av tre el-varebilar vil ferdig innan oktober 2018
Sluttrapport og rekneskap 01.11.2018.

Gjennomføringsplanen kan lastes opp som vedlegg eller beskrives nedenfor:

Anbudsrunde for kjøp av tre elektriske varebilar i perioden januar-februar 2018. Ansvarleg er teknisk forvaltning i Austrheim kommune.

Kjøp av el-varebilar vert gjort i mars-mai 2018. Ansvarleg er teknisk forvaltning i Austrheim kommune. Opplæring av tilsette vil skje i regi av Austrheim kommune.

Dei fire semihurtigladedepunkta til fire el-varebilar/tenestebilar kjem på plass i løpet av mars-mai 2018. Ansvarleg er teknisk forvaltning i Austrheim kommune.

Teknisk forvaltning i Austrheim kommune styrer tiltaket i nær dialog med brukarane og Austrheim kommune si administrative leiing. Sluttrapport med rekneskap levert den 01.11.2018.

Austrheim kommune si avdeling for plan, bygg, oppmåling og miljø skal rapportera og måla effekten av tiltaket før og etter. Dette vert gjort kvart år og/eller etter krav i tilsagnskrivet frå Miljødirektoratet. 01.11.2019

Beskriv hvorfor økonomisk støtte vil være utløsende for at tiltaket blir gjennomført:

Austrheim kommune har ikkje midlar i kommunen for utskifting av sine dieselvarebilar til kjøp av el-varebilar. Økonomisk støtte vil difor vera ein forutsetning for gjennomføring av tiltaket. Det same gjeld investeringa med å få på plass fire semihurtigladedepunkt for fire el-tenestebilar. Den eine varebilen me har som går på elektrisk i dag har relativ kort køyrelengde og treng ein fast plass med meir effektiv semihurtiglading på i kommunal regi.

Kostnadsoverslag / Budsjett

Utgifter til gjennomføring av tiltaket	Beløp uten mva
Kjøp av tre elektiske varebilar	900 000
Etablering av fire semihurtigladedepunkt av type "MODE 3 - TYPE 2"	160 000
Opplæring av tilsette	15 000
Total sum	1 075 000

Finansiering

Finansiering av tiltak	Beløp uten mva
Samlet kostnad ved tiltak(ene)	1 075 000

- Andre offentlige tilskudd	0
- Annen finansiering	0
- Egne midler	845 000
= Omsøkt tilskudd fra miljøforvaltningen	230 000

Kan tiltaket/deler av tiltaket gjennomføres med mindre tilskudd enn omsøkt? Nei

Utdyping finansiering

Har tiltaket mottatt eksterne midler? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om eksterne midler, men ikke fått svar enda? Nei

Har tiltaket søkt/bedt om andre offentlige midler, men ikke fått slik støtte? Nei

Vedlegg

Ingen vedlegg

Merknad:

Ingen merknad

[sign] Asbjørn Toft for Austrheim kommune

Lvert 18.12.2017